

LINDÅS KULTURRÅD

Lindås kommune
Kulturkontoret

11. mai 2017

Uttale på «fordeling av kulturmidlar 2017, framlegg frå rådmannen»


Lindås Kulturråd ser positivt på at ramma for tildeling har auka med kr 300.000,- for inneverande år. Imidlertid ser vi eit stort behov for ytterlegare auke av støtte til lag og organisasjonar. Vi vil igjen minna om side 5 i gjeldande kulturplan der det framgår at det er eit mål at 5 % av Lindås kommune sine årsbudsjett vert nytta på kulturfeltet. Framleis meiner Lindås kulturråd at kommunen si prioritering til kultur, herunder til born og ungdom, er altfor låg. Det ein legg inn som innsats i tidlege barneår vil gje stor samfunnsmessig gevinst på sikt. Støtte og tilrettelegging av frivillige aktivitetar krev ofte økonomisk investering og støtte i langt større grad enn det tildelte kulturmidlar kan dekke.

Vidare vil vi påpeike:

1. Lindås kulturråd meiner det bør investerast i eit moderne dataprogram som gjer betre oversyn både for søkjar og sakshandsamar i desse sakene. Slik det er i dag må sakshandsamar gjere mykje manuelt arbeid med innlegging av tal og tekst etc. Dette burde vore automatisk innhenta frå søknadsskjema.
2. Eit slikt dataprogram må leggjast opp til at det kun er mogleg med ein søknad frå kvart lag. Som tidlegare nemnt må laget i søknaden spesifisere kva ymse grupper innad i laget søker om, men at det blir ein søknadssum frå kvart lag. Vi ser framleis at dei mest kreative søker på fleire ulike område og på den måten får mest mogeleg ut.
3. Som nemnt i uttale på fordeling 2016 bør den årlege støtta til kulturråd og idrettsråd vere ei fast løyving utanom kulturmidlane. Vi finn det ikkje riktig at desse tilskota skal figurera som kulturmidlar. Løyvinga til dei to råda bør i utgangspunktet vere lik.
4. Velforeiningar bør ikkje tildelast kulturmidlar. Dette er i hovudsak vaksenlag som bør kunne oppretthalde og vedlikehalde sitt eige nærområde. Helserelaterte lag, t.d. psykiatriens venner og HLF NHDL er lag som bør få støtte via helsebudsjettet og ikkje av kulturmidlar.

Lindås Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Lindås kulturråd



Einar Vatne
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær

Epost

kulturrad@lindas.kommune.no